


# VERKSEMDSANALYSE - Øystre Slidre kommune

Statusrapport per mai 2016



REIN NATURGLEDE !

## ØYSTRE SLIDRE FRAMLEIS BLANT DEI 25% BESTE KOMMUNANE I KOMMUNEBAROMETERET



Øystre Slidre kommune er på 107. plass i den endelege versjonen av Kommunal Rapport si årlege kåring av landets beste kommunar; "Kommunebarometeret 2016".

Sjølv om plasseringa er dårlegare enn føregåande år, er dette femte året på rad at kommunen blir rangert i øvre fjerdedel av norske kommunar. I fjor var vi rangert som nr 56. Best plassering hadde kommunen i 2011, då vi kom på 5. plass.

Kåringa vart i år vunne av Alvdal kommune (Hedmark), så vidt foran Jølster (Sogn og Fjordane), Siljan (Telemark) og Sandefjord (Vestfold). Best i fylket i år var Dovre kommune (kom på 27. plass).

Øystre Slidre gjer det i år særleg bra på områda økonomi (34. plass) og vatn, avløp og renovasjon (39. plass). Også innan kriteria kultur og grunnskule er vi rangert blant dei 100 beste kommunane i landet.

Kommunebarometeret er i stadig utvikling, og kriteria blir difor noko endra/ulikt vekta for kvart år. Basert på årets kriterier, har vi gått opp 92 plasser frå i fjor.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
<b>Totalplassering (rapportert)</b>	135	5	35	30	23	56	107
<b>Totalplassering (oppdatert/ sammenliknbar med årets kriterier)</b>	100	119	42	79	90	199	107

Som tidlegare har vi fått Ole Petter Pedersen (utviklingsredaktør i Kommunal Rapport og "mannen bak" Kommunebarometeret) til å gje utfyllande kommentarar til resultatane i Øystre Slidre kommune. Dei overordna kommentarane er å lese på side 3-5 i dette heftet, medan kommentarane knytt til kvart einskild tenesteområde kjem fram som innleiing til presentasjonen av dei ulike tenestene. Merk at kommentarane er basert på den førebelse analysen, og at det kan ha skjedd små endringar i vurderinga etter at kommentarane er skrivne.

### Saker av interesse:

- [SJÅ DETALJANE FRÅ KOMMUNEBAROMETERET, OG LES KOMMUNAL RAPPORT SINE KOMMENTARAR OM ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE](#)
- [SJÅ KORLEIS KOMMUNEN SCORAR PÅ BRUKARUNDER-SØKINGAR OG MEDARBEIDARUNDERSØKING](#)
- [BLI KJENT MED ORGANISASJONEN OG EININGANE I KOMMUNEN](#)
- [LES KVA EININGANE SJØLVE MEINER ER BRA, OG PÅ KVA OMRÅDE VI BØR BLI ENDÅ BETRE](#)

### Innhald:

OM VERKSEMDSANALYSEN	2
KOMMUNEBAROMETERET	3
STABEN	6
OPPLÆRING OG KULTUR	7
HELSE OG OMSORG	17
TEKNISK DRIFT	24
PLANAVDELINGA	26
NÆRING OG BYGGESAK	27

## Om verksemdsanalysen

Nøkkeltal 2015 (kjelde: KOSTRA)

Eigenkapital	305.889.000
Langsiktig gjeld	550.162.000
- av dette pensjonsforpliktingar	328.971.000
Driftsinntekter brto	268.476.000
Driftsutgifter brto.	270.530.000
Brutto investeringsutgifter	53.452.000
Lønsutgifter, inkl. sos. utg	163.595.000
<b>Brto driftsutg. i %</b>	
- adm. og styring	6,1%
- barnehagar	5,2%
- grunnskule	18,9%
- helse og omsorg	32,4%
- sosialteneste	3,7%
- barnevern	1,8%
- vatn, avløp, renovasjon	6,1%
- fys. planl., kulturminne, natur/nærmilj.	2,9%
- kultur	3,1%
- kyrkje	1,2%
- samferdsel	1,0%
- bolig	0,7%
- næring	3,9%
- brann/ulykkesvern	1,9%
- tenester utanfor komm.ansvar	0,4%
<b>Befolkning</b>	
Folketal per 31.12	3 220
<b>Areal</b>	
- landareal	880,75 km <sup>2</sup>
- vatn	82,35 km <sup>2</sup>
<b>Organisasjon</b>	
Årsverk 2015 (eigne tal)	241,5

Dokumentet skal i utgangspunktet presentere heile den kommunale drifta, og det er lagt ein felles mal til grunn i førearbeidet.

I margen er det lista opp ei enkel samanfatning, med kriteria henta frå objektive kjelder (som t.d. KOSTRA-tal, Kommunebarometeret, medarbeidarkartlegging og brukarundersøkingar) og subjektive analyser (utført av tenesteområda sjølve).

Presentasjonen er i ei enkel form, med mykje bruk av far-

gekoder. Utgangspunktet for fargekodene er ei vurdering på ein skala frå 1-6 der seks er best score. 1-3 gjev raud farge, 3-4 gul, medan score frå 4 og oppover gjev grøn farge. Etersom det er stor grad av subjektivitet i analysen, har vi vald berre å presentere fargene når det ligg eigenvurderingar til grunn.


**Alle tal som kjem konkret fram i analysen er utarbeida av andre, og skal vere objektive.**

I tillegg blir kvar avdeling presentert med om lag ei side kvar med tekst for å gje ei meir utfyllande skildring av spesielle forhold, med utgangspunkt i tre forhold: **Kvalitet**, **Effektivitet** og **Medarbeidarar**, men det er også utfyllande kommentarar til funn i Kommunebarometeret, medarbeidarkartleggingar og brukarundersøkingar der dette er naturleg.

### Hovudmål for Øystre Slidre kommune

- Øystre Slidre kommune skal vere landets beste bu- og besøkskommune, og vere blant dei beste 10 % av kommunane i landet i kommunebarometeret på kommunale tenester.
- Øystre Slidre kommune skal vere den beste Opplandskommunen på næringsutvikling og nyskaping målt i nye bedrifter pr. innbyggjar.
- Øystre Slidre kommune skal vere ein pådrivar i regionalt samarbeid, til beste for innbyggjarane og for gjester i kommunen.
- Beitostølen som sentrum skal stå fram som eit attraktivt reisemål, og ein god handels- og møteplass.
- Øystre Slidre kommune skal heile tida vere ei av Noregs viktigaste kunnskapsbygder, både på kommunalt og privat nivå.

### ORGANISASJONSKART ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE



# KOMMUNEBAROMETERET 2016

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Øystre Slidre er nr. 108 uten justering for inntektsnivå i den foreløpige utgaven av Kommunebarometeret fra Kommunal Rapport. I totaltabellen - men bare der - justerer vi for økonomiske rammebetingelser. Totalt er profilen positiv, litt bedre enn i normalkommunen.

Kommuner som havner i toppen av barometeret har generelt klart flere gode plasseringer enn andre, men det er ikke slik at enkelte kommuner er i toppen på alle områder, mens andre er helt i bunn. I snitt har en kommune like mange gode som svake plasseringer. Det er den totale miksen som avgjør plasseringen.

En kommune som får en svak plassering har ikke nødvendigvis dårlige tjenester og er ikke et dårlig sted å bo. Poenget er at

kommunen sannsynligvis har noe å lære av liknende kommuner som ligger i toppen av den samme tabellen.

Når vi justerer for kommunenes veldig ulike økonomiske rammebetingelser, kommer Øystre Slidre på en 107. plass på den foreløpige totaltabellen.

Nøkkeltallene innen økonomi og vann, avløp og renovasjon plasserer kommunen nær toppen på disse tabellene.

I tillegg er Øystre Slidre i Topp 100 innen grunnskole og kultur. Vi registrerer også langt bedre plassering innen barnehage enn for ett år siden, etter et da tilsvarende fall.

Nøkkeltallene som trekker mest ned er helse og barnevern.

Hovedtrekk med vekt på utfordringer for kommunen:

- Avgangskarakterene blir raskere forbedret enn i resten av landet, og det er nå bedre samsvar enn før mellom nivået på nasjonale prøver og på 10. trinn.
- Kommunen framstår med en veldig institusjonspreget profil på eldreomsorgen, samtidig har veldig mange av de gamle som får hjelp et stort pleiebehov. Er helseprofilen på de gamle i Øystre Slidre annerledes enn i andre kommuner?
- Bemanningen i barnevernet falt litt målt mot antall mindreårige i kommunen, likevel var statistikken for saksbehandling langt bedre enn før. Men kanskje er det på tide med brukerundersøkelser i sektoren? Knapt to av tre barn med minoritetsspråklig bakgrunn går i barnehagen, andelen var klart høyere for noen år siden. Er dette bare tilfeldige svingninger, eller bør kommunen foreta seg noe?
- Korrigert netto driftsresultat var meget bra i fjor, men det er et stykke opp til nivåene i gamle dager. Har kommunestyret vedtatt noe mål for hvor stort disposisjonsfondet skal være? Kommunen skal ikke være bank, men har mer enn et kvart årsbudsjett som buffer.
- Kostnadene innen sosialtjenesten er svært høye. I grunnskolen sank kostnaden i fjor, korrigert for lønns- og prisvekst.

Plassering	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Grunnskole		199	184	161	59	124	90
Eldreomsorg	175	54	132	98	170	147	210
Barnevern	410	398	400	307	390	345	293
Barnehage	53	108	29	115	101	301	161
Helse	361	279	226	154	147	302	343
Sosial	149	209	124	194	263	155	211
Kultur	139	116	71	80	60	39	65
Økonomi	24	29	21	32	89	124	34
Kostnadsnivå	28	69	52	163	202	246	226
Miljø og ressurser	226	329	377	377	411	347	
Saksbehandling	147			349	191	172	217
Vann, avløp og renovasjon	130	85	51	74	178	217	39

## Økonomi

	Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
DRIFTSRESULTAT: Korrigert netto driftsresultat siste år (10 % vekt innen sektoren)	3,4	2,5	5,3	27
DRIFTSRESULTAT: Korrigert netto driftsresultat siste fire år (15 %)	6,0	5,7	4,3	80
DRIFTSRESULTAT: Brutto driftsresultat (10 %)	2,5	1,8	5,3	43
DISPOSISJONSFOND: I prosent av brutto driftsinntekter (10 %)	6,0	6,0	6,0	16
GJELD: Netto renteekspontert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter (15 %)			4,0	126
GJELD: Endring i renteekspontert gjeld siste år (10 %)				
NETTO FINANSUTGIFTER: I prosent av brutto driftsinntekter, eksklusive avdrag (5 %)	4,3	4,3	4,0	67
INVESTERINGER: Snitt siste fire år, som andel av brutto driftsinntekter (10 %)	2,6	2,8	3,7	247
LÅN: Andel av investeringene som finansieres med lån, siste fire år (5 %)	4,7	5,3	5,9	23
PREMIEAVVIK: Oppsamlet beløp i balansen, i prosent av brutto driftsinntekter (10 %)	3,0	2,7	2,6	329

Netto driftsresultat korrigeres for et par viktige, tilfeldige elementer: Netto reduserte/ økte utgifter som følge av premieavvik på pensjon og netto avsetning til bundne fond - penger kommunestyret ikke kan disponere som det selv ønsker og som derfor heller ikke kan dekke inn et underskudd eller settes på disposisjonsfond.

Siden korrigeringen i praksis består av å ta bort kunstige inntekter, blir korrigert resultat nærmest alltid dårligere enn netto driftsresultat.

I fjor var korrigert netto driftsresultat for hele Kommune-Norge 1,9 prosent av brutto driftsinntekter, mot minus 1,6 prosent i 2014. Målt over de siste fire årene er korrigert resultat 0,5 prosent. Netto finans viser hvor dyr all gjeld er å håndtere. Snittet ligger på 1,3 prosent av brutto inntekter og har vært stabil de siste årene på grunn av kombinasjonen økt gjeld men fallende rente.

Premieavviket i balansen skal etter hvert i nesten alle kommu-

ner bli til en driftsutgift. Det er derfor relevant fordi summen må dekkes inn et annet sted, enten ved å redusere utgiftene eller bruke disposisjonsfond. I fjor falt premieavviket litt og utgjør i snitt for Kommune-Norge 6,5 prosent av brutto driftsinntekter.

Disposisjonsfondet er penger politikerne kan bruke til akkurat hva de selv lyster, med mindre kommunen går på et driftsunderskudd som må dekkes inn. Denne bufferen er ikke en fysisk bankkonto, men en størrelse i regnskapet som har stor betydning for handlingsrommet i budsjettet. Fondene øker i kommunene samlet og er nå på 7,6 prosent av brutto driftsinntekter, opp fra 6,6 prosent for ett år siden. For første gang på mange år er dermed disposisjonsfondet større enn det oppsamlede premieavviket.

Netto renteekspontert gjeld erstatter nå den gamle

indikatoren netto lånegjeld. Gjennomsnittet er drøyt 33 prosent av brutto driftsinntekter. Hele 60 kommuner har ingen netto renteekspontert gjeld - omløpsmidler og fordringer utgjør en større sum.

Korrigert netto driftsresultat var svært solid i Øystre Slidre i fjor. Resultatet ble veldig mye bedre i fjor, var det et utslag av tilfeldige omstendigheter eller en planlagt endring? Målt over de siste fire årene har kommunen hatt en driftsmargin klart i pluss.

Kommunen har et meget stort disposisjonsfond. Det kan være fornuftig, men har kommunestyret et bevisst forhold til hvor mye som skal stå på fond? Kommunen skal ikke være bank heller. Netto renteekspontert gjeld er en del lavere enn landsgjennomsnittet (33 prosent). Øystre Slidre har ingen problemer hva gjelder å betjene gjelda. Netto finans, før av-

drag, utgjør faktisk en liten inntekt.

Investeringsnivået var normalt i fjor, målt mot resten av landet. Sett over de fire siste årene har investeringene vært skyhøye.

Øystre Slidre har et oppsamlet premieavvik i balansen som skal føres som driftsutgift i årene framover. Det bør være mulig å håndtere.

”INVESTERINGSNIVÅET VAR NORMALT I FJOR, MÅLT MOT RESTEN AV LANDET. SETT OVER DE FIRE SISTE ÅRENE HAR INVESTERINGENE VÆRT SKYHØYE.”

## Kostnadsnivå

	Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
GRUNNSKOLE: Korrigerede netto utgifter til grunnskolesektoren (inkl SFO), 1.000 kr per innbygger (30 %)	3,0	2,7	3,2	297
PLEIE OG OMSORG: Korrigerede netto utgifter til pleie og omsorg, 1.000 kr per innbygger (35 %)	4,8	4,6	4,4	169
BARNEHAGE: Korrigerede netto utgifter til barnehage, 1.000 kr per innbygger (15 %)	5,0	5,4	5,5	43
BARNEVERN: Korrigerede netto utgifter i barnevernet, 1.000 kr per innbygger (5 %)	5,4	5,7	4,4	174
SOSIALTJENESTE: Korrigerede netto utgifter per til sosialtjenesten, 1.000 kr per innbygger (5 %)	4,6	4,2	1,5	373
KOMMUNEHELSE: Korrigerede netto utgifter på området helse, 1.000 kr per innbygger (5 %)	4,8	4,5	3,8	257
ADMINISTRASJON: Korrigerede netto utgifter til administrasjon, 1.000 kr per innbygger (5 %)	3,3	2,9	5,7	42

Kostnaden er beregnet ut fra netto utgifter i tjenesten i fjor / utgiftsbehovet slik det framkommer for tjenesten i statsbudsjettet 2016. Dermed skal vi fange opp ulikheter som går på størrelse, sammensetning osv - og gitt at inntektssystemet perfekt korrigerer for forskjellene skal alle kommunene kunne sammenliknes med hverandre.

I denne sektoren korrigerer vi også den historiske kostnaden for kommunal lønns- og prisvekst. Hensikten med å presentere kostnaden i faste 2015-priser er å vise om tjenesten reelt blir billigere eller dyrere. Vi avrunder til nærmeste 10-krone for å gjøre tallene enklere å lese.

Netto utgifter til grunnskolen (korrigert for utgiftsbehovet) i Øystre Slidre ligger omtrent på normalnivået for Kommune-Norge. Det er forskjell på landsgjennomsnitt og normalen (kostnaden midt mellom de dyreste og billigste). I Øystre

Slidre ligger kostnaden 1630 kroner per innbygger over landsgjennomsnittet. Det er altså etter at vi har korrigert for ulikheter kommunene imellom.

Innen pleie og omsorg ligger kostnadene litt under det som er normalnivået. Målt per innbygger er korrigerede kostnaden 550 kroner under landsgjennomsnittet.

Barnehagekostnadene er ganske lavt målt mot resten av landet. Korrigert kostnad til barnehage per innbygger er om lag 900 kroner under landsgjennomsnittet.

Barnevernet er gjennomsnittlig i kostnad.

Innen administrasjon ligger Øystre Slidre 520 kroner under landsgjennomsnittet, målt per innbygger.

Målet med kommunen er ikke å drive billigst mulig, men å ha riktig kostnad ut fra hvordan tilbudet er prioritert og

befolkningen sammensatt. En høyt prioritert tjeneste bør ha en høyere kostnad enn en som er lavt prioritert, målt mot resten av landet.

I Skole-Norge øker gjennomsnittlig kostnad ørlite mer enn lønns- og prisvekst. Det motsatte er tilfellet i pleie og omsorg, hvor en kraftig vekst i 2014 er erstattet av kutt i 2015. Kostnaden er nå 15.860 kroner per innbygger.

Barnehagene har nasjonalt blitt marginalt billigere per innbygger etter et betydelig hopp i 2014. I barnevernet fortsetter kostnaden å stige, den er nå på 1.810 kroner per innbygger - en vekst på 33 prosent utover lønns- og prisvekst siden 2010.

Både sosialtjenesten og helse øker i kostnad Kommune-Norge sett under ett, mens utgiftene til administrasjon har gått ned - til 3.500 kroner per innbygger.

"I ØYSTRE SLIDRE LIGGER KOSTNADEN (GRUNNSKOLE) 1630 KRONER PER INNBYGGER OVER LANDSGJENNOMSNITTET. DET ER ALTSÅ ETTER AT VI HAR KORRIGERT FOR ULIKHETER KOMMUNENE IMELLOM."



## STABEN

<b>Kvalitet</b>	
Resultat for brukerne	■
Respektfull behandling	■
Tilgjengelighet	■
Informasjon	■
Generelt	■
<b>Effektivitet</b>	
Driftsutgifter	■
Omfang av tjenesten	■
Kompetanse	■
Bemanningstetthet	■
<b>Medarbeidarar</b>	
Oppgavemotivasjon	■
Mestringstro	■
Selvstendighet	■
Bruk av kompetanse	■
Mestringsorientert ledelse	■
Rolleklarhet	■
Kompetanseutvikling	■
Fleksibilitetsvilje	■
Mestringsklima	■
Nytteorientert motivasjon	■

"SJØLV OM  
OMFANGET AV  
ARBEIDSOPPGÅVER  
HAR AUKA SISTE  
ÅRET, HAR DET VORE  
EIN LITEN  
ÅRSVERKSREDUK-  
SJON, UTAN AT  
DETTE I MERKBAR  
GRAD HAR GÅTT UT  
OVER KVALITETEN."

### Kvalitet

Stabsavdelinga har m.a. ansvar for lønn/personal, rekneskap, sentralt postmottak, arkiv, sentralbord, politisk møtesekretariat, informasjon (i praksis nettsider og beredskapsinformasjon), skjenkeløyver og ulike andre støttefunksjonar overfor verksemdene, i hovudsak knytt opp mot Opplæring og kultur.

Stabsavdelinga er sentral i ulike prosjekt, som til dømes «Det moderne Øystre Slidre», innføring av digitalt kvalitetsstyringssystem og ulike interkommunale samarbeidsprosjekt. Vidare har det gjennom det siste året vore mykje arbeid knytt til kommunemoderniseringsprosessen.

Stabsavdelinga er ei "intern" avdeling, som i hovudsak skal medverke til at dei tenesteytande delane av organisasjonen fungerer godt, og at kommunen sine leiarar får tilgang til god styringsinformasjon. I tillegg til dette er staben sentral i budsjettarbeidet, særleg knytt opp mot lønnsbudsjettet (som utgjør nær 60% av samla driftsutgifter i kommunen)

Når kvaliteten/resultat for brukarane av staben skal evaluerast, vil dette difor i hovudsak være ei intern evaluering - evaluering utført av dei tenesteytande delane av verksemda til kommunen og leiarane i kommunen.

Sjølv om det ikkje er gjennomført spørjeundersøkingar internt i verksemda, tyder tilbakemeldingar på at dei ulike verksemdene er godt nøgde

med stabsavdelinga.

Den største utfordringa framover ligg truleg i etablering av nye arkivrutiner i samband med overgang til fullelektronisk arkiv med verknad frå 1. juli 2016 og vidareutvikling av informasjonsarbeidet.

Det er ein bevisst strategi for kommunen å satse på nettsidene, særleg knytt til arbeidet mot større grad av sjølvbetening (såkalla "døgnopen forvaltning") gjennom dei kommunale nettsidene.

Innføring av digitalt kvalitetsstyringssystem hausten 2014 har forenkla tilgangen til interne rutiner og reglement i betydeleg grad.

### Effektivitet

Det finst ikkje relevante samanlikningstal i KOSTRA for driftsutgifter i staben.

Stabsavdelinga har fleire tilsette med lang fartstid i kommunen og stor realkompetanse.

Sjølv om omfanget av arbeidsoppgåver har auka siste året, har det vore ein liten årsverksreduksjon, utan at dette i merkbar grad har gått ut over kvaliteten.

### Medarbeidarar

Arbeidsmiljøet i staben er prega av stor grad av trivsel og samarbeid. Det er lagt vekt på overlapping av arbeidsoppgåver for at avdelinga skal bli mindre sårbar.

I medarbeidarundersøkinga gjennomført i 2016 scorar stabsavdelinga gjennomgåande godt.

Medarbeidarane i stab gjev uttrykk for å ha stor grad av sjølvstendigheit i arbeidet, viser stor fleksibilitetsvilje og er godt nøgde med mogelegheiter for kompetanseutvikling.

Dei tilsette gjev uttrykk for å ha stor tiltru til eigen kompetanse og mogelegheit til å meistre utfordringane i arbeidet.

Roller og forventningar er definerte, og motivasjonen er god for å gjere eit nyttig og verdifullt arbeid for andre. Det siste er svært sentralt i ei avdeling som i hovudsak driv "serviceverksemd" overfor andre avdelingar, og må difor få eit endå sterkare fokus i arbeidet framover.

## Visste du at...

- ...kommunen frå 1. juli 2016 går over til fullelektronisk arkiv. Dette betyr at saksbehandlarar ikkje lenger treng å forhalde seg til papir i kvardagen, og vil føre til mindre manuelt registreringsarbeid i kommunen?
- ...det store fleirtalet av søknader om stilling i Øystre Slidre kommune no kjem inn elektronisk?

# OPPLÆRING OG KULTUR

## GRUNNSKULE - Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

	Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste fire år (10 % vekt i sektoren)	3,6	3,3	3,8	136
AVGANGSKARAKTERER: Snitt grunnskolepoeng (10. trinn) siste år (5 %)	5,0	3,2	3,6	180
FRAFALL: Andel elever ikke fullført og bestått videregående innen fem år, snitt siste fire år (20 %)	3,7	3,1	3,1	227
NP 5. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)	6,0	5,2	5,1	57
NP 5. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (2,5 %)	6,0	5,2	4,5	110
NP 8. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)	5,3	4,4	4,2	122
NP 8. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (2,5 %)	4,4	4,9	4,8	74
NP 9. TRINN: Gjennomsnitt nasjonale prøver siste fire år (5 %)	5,1	5,2	4,4	87
NP 9. TRINN: Andel elever på laveste mestringsnivå, snitt siste fire år (2,5 %)	5,1	4,0	3,1	192
UTDANNING: Andel lærere m/høyere og pedagogisk utdanning, 1.-10. trinn (12,5 %)	4,8	4,3	4,2	183
TRIVSEL: 7. trinn, snitt siste fem år (5 %)	3,9	5,1	5,7	37
TRIVSEL: 10. trinn, siste fem år (5 %)	3,4	3,1	3,4	289
SPECIALUNDERVISNING: Andel elever med slik undervisning, snitt siste fire år (5 %)	3,3	3,6	4,1	209
LEKSEHJELP: Andel elever 1.-4. trinn som har leksehjelp (7,5 %)	4,0	4,5	5,9	24
SFO: Antall elever i SFO per avtalt årsverk (7,5 %)	5,0	3,7	4,2	285

### Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Nasjonalt fortsetter avgangskarakterene å øke. Statistisk sentralbyrå understreker at en forklaring på forbedringen det siste året er gode karakterer i valgfag som nå er en del av beregningen. Det er ikke gitt at det forklarer framgangen helt og fullt. En annen delforklaring er at elever med innvandrerbakgrunn får klart bedre karakter enn for noen år siden.

Langt færre på 1.-4. trinn får leksehjelp enn for et par år siden, det henger nok sammen med at ordningen ikke lenger gjelder spesielt for denne gruppa. Det er nå flere elever som får leksehjelp på 5.-7. trinn. Vi vet ikke noe om etterspørselen etter leksehjelp verken i småskolen eller andre deler, dessverre.

Andel elever som får spesialundervisning fortsetter å falle sakte landet sett under ett, og er nå på 7,9 prosent nasjonalt. Drøyt 87 prosent av lærerne har nå godkjent utdanning, det er en marginal økning fra 2014.

Vi har med ett nøkkeltall fra SFO, som er antall elever i SFO målt mot avtalt årsverk. I snitt er det 19,9 elever per årsverk. Nasjonalt har bemanningen blitt marginalt dårligere hvert av de fire siste årene.

### Om Øystre Slidre spesielt

Avgangskarakterene på 10. trinn i Øystre Slidre har vært omtrent middels de siste årene. Frafallet på videregående blant elever fra kommunen er omtrent på normalni-

vået. Det er godt samsvar mellom prestasjonene på nasjonale prøver og avgangskarakterene.

Andelen elever som får spesialundervisning er litt lavere enn i

normalkommunen. Andelen har falt litt det siste året. Mange på 1.-4. trinn får leksehjelp, viser tallene fra Utdanningsdirektoratet.

”DET ER GODT SAMSVAR MELLOM PRESTASJONENE PÅ NASJONALE PRØVER OG AVGANGSKARAKTERENE.”

# Lidar skule

Kvalitet	
Resultat for brukerne	■
Respektfull behandling	■
Tilgjengelighet	■
Informasjon	■
Brukermedvirkning	■
Generelt	■
Effektivitet	
Driftsutgifter	■
Omfang av tjenesten	■
Egenbetaling	■
Kompetanse	■
Bemanningstetthet	■
Medarbeidarar	
Oppgavemotivasjon	■
Mestringstro	■
Selvstendighet	■
Bruk av kompetanse	■
Mestringsorientert ledelse	■
Rolleklarhet	■
Kompetanseutvikling	■
Fleksibilitetsvilje	■
Mestringsklima	■
Nytteorientert motivasjon	■

”FOR Å KUNNE BYGGE ENDÅ BETRE MOTIVASJON, SER VI AT VI MÅ HALDE FOKUS PÅ ELEV MEDVERKNAD I EIGE LÆRINGS-ARBEID.”

”SKULEN ER FORHOLDSVIS NY OG BYGGET FUNGERER BRA PÅ MANGE OMRÅDE. DÅRLEG SOLSKJERMING ER EI UTFORDRING.”

## Kvalitet

Elevundersøkinga på Lidar skule vise at elevane er godt nøgde med skulen. Dei oppleve å få god støtte i si læring og utvikling. Elevane trivst i lag og saman med dei vaksne på skulen. Dette er eit viktig grunnlag for læringsmiljøet til den enkelte. Vi har låg prosent på mobbing, men dette må ein alltid halde fram og arbeide med. Skulen vil få sosiallærar frå neste skuleår, og førebyggjande arbeid mot mobbing vil stå sentralt i arbeidet. Å styrke elevane si sosiale kompetanse er ein viktig del av skula si oppgåve.

Lidar skule har i snitt eit godt resultat på elevmedverknad, men vi ser at vi må halde trykket oppe på at elevane reflekterer rundt eiga læring. Dette gjev auka læringsutbytte. I tillegg ser vi at elevrådet kan få ei større rolle på skulen enn dei har i dag.

Den enkelte elev opplever å få utvikle seg fagleg, og ser på læraren som ei god støtte til utvikling. Dei får konstruktive tilbakemeldingar som dei kan arbeide vidare med. Dette styrker mestringsfølelsen, som igjen bidreg til motivasjon for læringsarbeidet. For å kunne bygge endå betre motivasjon, ser vi at vi må halde fokus på elevmedverknad i eige læringsarbeid.

Det er viktig, og særleg gledeleg, at heimane støttar barna sine i skuledagen. Dette seier både elevane og føresette i brukarundersøkingane og er også noko skulen opplever. Dei føresette forventar at barna skal gjere så godt dei kan på skulen.

Lidar skule gjennomførte ei foreldreundersøking våren 2016. 45% av heimane svarer på undersøkinga. Svarprosenten er for liten til at ein kan slå fast at resultatet er representativt for alle heimane. Likevel vel vi å nytte resultatata for å sjå kva vi skal halde fram med og kva endringar som kan vera hensikts-

messige for elevane på skulen.

Heimane gjev god tilbakemelding på kommunikasjon med skulen. Dei opplever seg velkomne og at det er lett å få kontakt. Det som kan bli betre er informasjon på læringsplattforma. Heimane har sitt eige område på læringsplattforma til skulen, men den er lite brukt av heimane. Det kan vera at brukarterskelen er for stor, og skulen endrar no læringsplattforma si.

Snittet på nasjonale prøver dei siste fem åra har gått noko ned i år. Eitt årstrinn vil gje store utslag på ein mindre skule. Lidar skule har arbeidd grundig med å bygge eit godt læringsmiljø i klassen med god arbeidsro. Dette må være på plass for å kunne utvikle seg fagleg.

Det har vore satsa på systematisk arbeid med spesialundervisning. Det er gledeleg å sjå at utviklinga går rett veg med færre oppmeldingar til PPT som resulterer i spesialundervisning. Skulen har eit spesialpedagogisk team som arbeider med målretta spesialundervisning og rettleiing av lærarane i arbeidet med elevane.

Dette skuleåret har det vore satsa stort på lesing, ei ferdigheit som gjev utslag i alle fag. Lesekurs for alle elevane på skulen og intensive lesekurs for elevane som treng noko meir har vore noko av satsinga. Spissa bruk av tidleg innsats har hatt fokus i fleire år, og kartleggingsprøvene vise at skulen klarer å løfte fleire av elevane som ligg på eller under kritisk grense på nasjonale kartleggingsverktøy.

Skulen er forholdsvis ny og bygget fungerer bra på mange område. Dårlig solskjerming er ei utfordring. Det er behov for utvendig solskjerming i klasserom og arbeidsrom for at vi skal kunne nytte dei digitale hjelpemiddela. Dette vil også betre innklimaet.

## Effektivitet

Driftsutgiftene har gått ned i 2015, mellom anna på transport og utgifter til bygg. Det vil seie at Lidar har ei meir effektiv drift samanlikna med året før. Driftsutgiftene er fortsatt høgare enn landsgjennomsnittet, men det er ei utvikling i rett retning. Det er fortsatt høg lærartettleik i skulen i Øystre Slidre.

Det er fleire elevane på SFO dette skuleåret. Dette gjev noko større inntekter på egenbetaling. Det er høg vaksentettleik i SFO grunna individuelle behov hjå elevane.

Lidar skule har eit godt utdanna personale, alle lærarane har pedagogisk utdanning. Vi har også i år hatt pedagogisk utdanna vikarar. Det er barne- og ungdomsarbeidarar i assistentstillingane. Det vil frå neste skuleår vera andre krav til utdanning for å undervise i norsk, matematikk og engelsk.

Den gode bemanningstettleiken med kvalifiserte medarbeidarar gjev skulen gode moglegheiter for å få ei godt tilpassa undervisning og tidleg innsats. Dette vil igjen førebygge behovet for spesialundervisning.

## Medarbeidarar

På Lidar skule er dei tilsette motiverte til å løyse arbeidsoppgåvene sine og for å kunne gjere ein god jobb for elevane. Dette er eit viktig grunnlag for arbeidet som blir gjort kvar dag. Lærarane opplever at dei får brukt kompetansen sin, og ynskjer meir kompetanse for å gjere ein endå betre jobb. Det er naturleg at lærarane ser at dei treng ei kompetanseheving i og med at krava for å undervise i norsk, matematikk og engelsk er heva. På Lidar skule vil det vera lærarar som vidareutdannar seg i matematikk neste skuleår. I tillegg til den formelle kompetansen, er det viktig at skulen klarer å formidle kompetansen som den enkelte sit med på huset ut til kollegaene sine. I dette arbeidet nyttar vi kollegaobservasjon og kollegarettleiing i løpet av skuleåret.



# Rogne skule

## Kvalitet

Rogne skule skårar lågare i år enn i fjor på nasjonale prøver. For mange elevar ligg på lågaste trinn, difor er det viktig for skulen å jobbe vidare med å auke kompetansen til elevane og dei tilsette.

Det vert jobba godt og grundig med læringsstrategiar og arbeidsmåtar i ulike fag med tanke på å utvikle den enkelte elev. Dette året har vi hatt fokus på rekning i alle fag og skal fortsetje med det neste skuleår også.

Talet på elevar som får spesialundervisning har gått ned. Det vert jobba med fokus på tilpassa opplæring for den enkelte elev, med mål om at elevane skal oppleve mestring i kvardagen. Det vert jobba godt frå 1. klasse og oppover, der elevane får god og rett oppfølging.

Elevane trivst godt på skulen, har god støtte frå heimen og opplever lite mobbing.

I elevgruppa vert det opplevd at dei vaksne handhevar reglar ulikt og at dei i liten grad får vere med å bestemme forhold rundt undervisning og vurdering. Kollegiet jobbar saman for å betre områda som elevane ikkje er nøgde med, og lagar gode strategiar for dei ulike klassene saman med elevane.

Dette året har Rogne skule hatt sosiallærer, noko som har vore positivt for det sosiale miljøet. Elevane er med og lagar klassereglar og har stort fokus på at alle skal ha det bra. Ein må også jobbe vidare med at elevane

skal føle dei har støtte i lærarane sine og får faglege utfordringar som er tilpassa den enkelte.

Foreldregruppa er oppteken av å følgje opp elevane sine og støttar dei i skulearbeidet. Foreldra er ikkje lenger redde for å seie frå til skulen om utfordringar i fare for at det skal gå utover barnet deira i ettertid. Det er eit godt heim/skule-samarbeid der ein er kjende med kvarandre sine forventningar.

Kjennskapen foreldra har til ulike regelverk og klagesaker er varierende. Det er ikkje mange som nyttar læringsplattforma skulen har for å gjere seg kjend med ulike skriv og rutinar.

Foreldra opplever at eleven deira trivs på skulen og har nokon å vere saman med. I tillegg opplever dei utviklingssamtalar som nyttige og positive, og uttrykker at dei har kjennskap til det som vert take opp på samtalanene. Foreldra har mindre innblikk i korleis læringsforholda er på skulen, då dei ikkje er der i det daglege og ser kva som føregår.

## Effektivitet

Driftsutgiftene på grunnskuleområdet er høge i Øystre Slidre. Dette kjem av store utgifter på bygg, høg lærartettleik og store skyssutgifter. Dei totale utgiftene på skule i Øystre Slidre har likevel gått ned, og vi driv meir effektivt enn tidlegare.

Foreldrebetalinga på SFO ligg høgt i forhold til resten av landet, då vi har få brukarar som nyttar SFO-tilbodet. Avstanden til landsgjennomsnittet er mindre enn tidlegare. Det er ynskjeleg å

få opp talet på elevar som nyttar SFO-tilbodet, då vi har store utgifter til SFO som ikkje let seg dekke opp av eigenbetaling.

Kompetansen blant lærarane er høg, men vi har ufaglærte som er tilsette i lærarstilling dette året.

Vi leverar gode tenester med god lærartettleik og grunnbemanning. Elevane vert fylgt tett opp, med tidleg innsats frå 1. klasse for å sikre kvaliteten rundt lese- og skriveopplæringa. Dette fører til god kvalitet i arbeidet med elevane og færre elevar har no behov for spesialundervisning. SFO-tilbodet er bra og skulen har tilbod om sommar-SFO to veker i sommarferien.

## Medarbeidarar

Dei tilsette er motiverte for oppgåvene dei har i det daglege, dei trivst og har tru på at dei meistrar arbeidsoppgåvene sine. Kollegiet er veldig fleksibelt og støttar opp og hjelper kvarandre ved behov. Det har kome nye kompetansekrav til lærarane det siste året, og det har ført til at fleire lærarar må til med vidareutdanning for å ha undervisningskompetanse i norsk, matematikk og engelsk.

Ingen tilsette ved Rogne skule har starta med vidareutdanning eller søkt om dette i år, difor ligg vi lågt når det gjeld kompetanseutvikling. Kollegiet kan jobbe betre saman med å dele kompetansen si med og lære av kvarandre.

<b>Kvalitet</b>	
Resultat for brukerne	■
Respektfull behandling	■
Tilgjengelighet	■
Informasjon	■
Brukermedvirkning	■
Generelt	■
<b>Effektivitet</b>	
Driftsutgifter	■
Omfang av tjenesten	■
Eigenbetaling	■
Kompetanse	■
Bemanningstetthet	■
<b>Medarbeidarar</b>	
Oppgavemotivasjon	■
Mestringstro	■
Selvstendighet	■
Bruk av kompetanse	■
Mestringsorientert ledelse	■
Rolleklarhet	■
Kompetanseutvikling	■
Fleksibilitetsvilje	■
Mestringsklima	■
Nytteorientert motivasjon	■

## ”ROGNE SKULE

SKÅRAR LÅGARE I ÅR ENN I FJOR PÅ NASJONALE PRØVER. FOR MANGE ELEVAR LIGG PÅ LÅGASTE TRINN.”

## ”ELEVANE TRIVST

GODT PÅ SKULEN, HAR GOD STØTTE FRÅ HEIMEN OG OPPLEVER LITE MOBBING.”

# Øystre Slidre ungdomsskule

<b>Kvalitet</b>	
Resultat for brukerne	■
Respektfull behandling	■
Tilgjengelighet	■
Informasjon	■
Brukermedvirkning	■
<b>Effektivitet</b>	
Driftsutgifter	■
Omfang av tjenesten	■
Kompetanse	■
Bemanningstetthet	■
<b>Medarbeidarar</b>	
Oppgavemotivasjon	■
Mestringstro	■
Selvstendighet	■
Bruk av kompetanse	■
Mestringsorientert ledelse	■
Rolleklarhet	■
Kompetanseutvikling	■
Fleksibilitetsvilje	■
Mestringsklima	■
Nytteorientert motivasjon	■

”SKULEN HAR HATT DETTE ÅRET HATT FOKUS PÅ KARAKTERVURDERING, OG DET ER NO TRULEG MEIR BEVISSTHEIT RUNDT DET Å SETJE STANDPUNKTKARAKTERAR FOR ELEVANE PÅ ØSUS. GLEDELEG ER DET DIFOR AT DET ER EIN KLAR SAMANHENG MELLOM STANDPUNKTKARAKTERANE OG EKSAMENSRESULTATA.”

## Kvalitet

Det er godt fagleg fokus på ØSUS. Klassemiljø er utgangspunktet for eit godt læringsutbytte og ein god læringskultur.

God score i brukarundersøkinga på «fagleg utfordring» viser at ØSUS er gode på tilpasse opplæringa ut frå elevanes behov. Men vi ser at vi kan bli enda betre, og skulen startar hausten 2016 med å setje standardar i arbeidet med tilpassa opplæring for elevane.

ØSUS har arbeidd med å lage gode felles standardar for klasseleiing som skal vere fundamentet for heile skulen. Skulen er opptatt av å vere ein "vi-skule"

ØSUS arbeidar heile tida for å finne gode måtar å gje elevane tilbakemelding på arbeidet deira. Det siste året har det vore viktig for ØSUS å gje elevane munnlege tilbakemeldingar. Det er difor mogeleg at elevane opplever meir og betre vurdering skuleåret 2015/16 enn i 2014/15. Det er gledeleg å sjå at elevundersøkinga gjev så gode tal for mobbing.

ØSUS arbeidar mykje førebyggjande med det psykososiale miljøet på skulen. Hausten 2016 vil det og bli ein sosiallærer per trinn.

Skulen har hatt dette året hatt fokus på karaktervurdering, og det er no truleg meir bevisstheit rundt det å setje standpunkt karakterar for elevane på ØSUS. Gle-

deleg er det difor at det er ein klar samanheng mellom standpunkt karakterane og eksamensresultata.

Resultata på nasjonale prøver har vore noko variable. Ein grunn til dette er eitt kull som har hatt store faglege utfordringar. I dette kullet er det berre 30 elevar, så utslaget blir tydeleg.

På ØSUS er vi opptekne av å tilpasse opplæringa og minske spesialundervisninga. Det er positivt at dette er i riktig utvikling. På foreldreundersøkinga var det 38 av 109 inviterte foreldre som svarte. Ein må vurdere om undersøkinga er relevant for vidare arbeid. Det er frivillig å svara på undersøkinga. Eit av svara til foreldra var at dei sakna informasjon om regelverket rundt klagegang på karakterar. ØSUS vil legge ut informasjon om dette på heimesida til skulen.

## Effektivitet

Grunnen til høge kostnader i grunnskulen er skuleskyss og nye skulebygg. Høg lærartetthet er og ein grunn. Utgifter på lokala har gått ned.

Effektiviteten har auka, og i forhold til landsgjennomsnittet er utgiftene fortsatt høge, men trenden er at grunnskulen utviklar seg i riktig retning.

Alle lærarane på ØSUS har kompetanse til å undervise i dei ulike faga, men lærarane må innan 10 år vidareutdanne seg for

å tilfredstille kompetansekrava i skulen. Her kan ein sjå nedgang på faglig kompetanse i neste runde.

Det er god bemanningstetthet per elev på ØSUS. Skulen er godt rusta til å gje elevane tilpassa opplæring.

Sommaren 2016 skal det utbetrast ein del på ØSUS. Skulekjøkkenet skal renoverast, nytt ventilasjonsanlegg og nye brannrørar kjem på plass. Målet er at dette skal vere på plass innan skulen startar att hausten 2016.

## Medarbeidarar

Lærarane på ØSUS kan auke trua på eigen meistring. Skulen har eit personale med høg fagkompetanse, som burde ha alle føresetnader for å føle at dei mestrar jobben sin svært godt.

Medarbeidarundersøkinga viser at tilsette kunne ha ynskt seg noko meir kompetanseutvikling. Dette er ei naturleg følgje av krav til kompetanse som er sett av regjeringa. Mange på ØSUS ønskjer å starte vidareutdanning, men pga. lite kurspengar er det ikkje mogleg å gje alle tilbud no.

ØSUS legg vekt på læring og samarbeid. Skulen har fokus på faglig utvikling. Skulen har høg delingskultur og er opptatt av å gjere hverandre gode.

Det er ei svært god samarbeidskultur på ØSUS.

Lærarane seier at det er viktig for dei å gjere noko for andre.

## BARNEHAGE

### Nøkkeltal frå Kommunebarometeret:

	Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
BEMANNING (KB): Oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager (20 % vekt i sektoren)	3,1	2,9	3,3	169
FAGUTDANNING (KB): Andel styrere og ledere med godkjent utdanning (20 %)	6,0	5,0	6,0	1
FAGUTDANNING (KB): Andel ansatte i kommunale barnehager med relevant utdanning (20 %)	3,9	3,1	3,4	187
AREAL (KB): Leke- og oppholdsareal per barn (10 %)	4,5	4,1	3,7	70
KJØNN: Andel ansatte som er menn (10 %)	3,0	2,4	2,9	164
MINORITETSSPRÅKLIGE: Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage, siste år (15 %)	3,1	1,5	2,5	326
MINORITETSSPRÅKLIGE: Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage, snitt siste fire år (5 %)	2,7	2,4	1,8	281

#### Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Fortsatt er det relativt stor forskjell på hvor mange barn med norske foreldre som går i barnehage, og andre barn. Over tid har andelen økt, men den falt marginalt i fjor til 74 prosent. Alle kommuner som har rapportert flere minoritetsspråklige barn i barnehagen enn det er i kommunen, har blitt korrigert til 100 % av Kommunal Rapport.

Aldri før har det vært en så stor andel menn som jobber i barnehage. Andelen har nådd 9,5 prosent for hele landet, opp fra 8,7 prosent i 2014. Dessverre skiller ikke statistikken på kommunale og private barnehager.

Leke- og oppholdsarealet er ett av svært få publiserte nøkkeltall om barnehagene som ikke går på bemanning. Det måler bare innendørs areal, og er derfor ikke ideelt. Arealer henger ganske tett sammen med kommunestørrelse; store kommuner har lite areal og omvendt. På dette punktet er det altså relativt stor forskjell på gjennomsnittet (5,8 kvm) og normalkommunen (8,4 kvm). "Normalkommunen" betegner den som ligger midt mellom de beste og dårligste kommunene. Siden dette nøkkeltallet har så voldsomme forskjeller blir det svært mange kommuner som får dårlig karakter her.

I Kommune-Norge samlet har 93 prosent av styrere og ledere godkjent barnehagelærerutdanning, andelen har økt fra 91 prosent. Andelen ansatte med barnehagelærerutdanning eller annen pedagogisk utdanning øker også nasjonalt, fra 39 til 43 prosent. Aldri har andelen ledere og ansatte med pedagogisk utdanning vært høyere.

Enkelttenester har utfordringar med lokale som er små og utstyr som ikkje er skifta ut. Ikkje alle tenester har universell utforming.

I møter direkte med brukar/pasient er informasjonen god, men vi kan alltid bli betre på og nytte nettet meir, og rydde på heimesidene.

Kompetansenivået i helseavdelinga er vurdert som høgt, sjølv om det er ynskjeleg med relevant kompetanseutvikling på enkelte område.

Brukarmedverknad vert teke på alvor i avdelinga.

### Effektivitet

Utgiftene per innbyggjar til kommunehelse ligg høgt og har auka det siste året. Dette mykje fordi interkommunal legevakt har blitt dyrare.

Helseavdelinga dekkjer alle aldersgrupper i befolkninga, der legetenesta er den som møter heile spekteret. Arbeid og aktivitet har brukarar frå

ungdom med funksjonshemmingar til eldre med demens. Psykisk helseteneste har også eit stort spenn i alder, liedingar og rusproblematikk.

Når det gjeld bemanning, er har vi utfordringar i enkelttenester spesielt. Vindestogo har ikkje kome opp på målsetjinga om 5 plassar 5 dagar i veka.

### Medarbeidarar

Oppgåvene motiverer det tilsette i stor grad for det arbeidet dei skal utføre. Dei har også stor tru på eigen meistring

Det ligg i tradisjonen for dei ulike tenestene i helseavdelinga at dei tilsette kjenner stor grad av sjølvstendigheit i jobben.

Det er generelt høg kompetanse i avdelinga - også på vikarsida - noko som sikrar kontinuitet og kvalitet også ved fråvær og feriar. Tilsette får brukt kompetansen sin på arbeidsplassen, noko som tyder på at vi har dei rette medarbeidarane på rett plass.

Det verkar som medarbeidarane har klare roller i arbeidet.

Medarbeidarane er noko mindre nøgde med den relevante kompetanseutviklinga på arbeidsplassen. Dette vil variere noko frå teneste til teneste

Vilje til fleksibilitet i arbeidsoppgåvene er stor i avdelinga, men det er noko delte meiningar om det er klima for meistring.

Medarbeidarane er motivert ved at dei kjenner nytte ved dei arbeidsoppgåvene dei utfører. Dette er ikkje så rart i og med at tenestene rettar seg direkte mot pasientar og brukarar med sjukdomar og funksjonshemmingar.

# Barneverntenesta

	Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
ÅRSVERK: Stillinger med fagutd., per 1.000 barn <17 år (20 % vekt)	2,4	2,5	2,2	265
SAKSBEHANDL.TID: Andel undersøkelser m/behandl.tid <3 mnd (20 %)	1,1	2,9	5,1	138
SAKSBEHANDLINGSTID: Andel undersøkelser med behandlingstid under 3 mnd, snitt siste fire år (15 %)	1,2	1,6	2,4	306
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan (5 %)	6,0	5,0	6,0	1
PLAN: Andel barn med utarbeidet plan, snitt siste fire år (5 %)	5,8	5,3	5,6	48
PLAN: Andel barn under omsorg som har omsorgsplan (10 %)				
TILTAK I HJEMMET: Andel saker med tiltak i hjemmet (10 %)			2,0	297
TIDLIG INNSATS: Netto utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste (5 %)	3,0	2,7	3,2	115
SAKSBEHANDLING: Avsluttede undersøkelser, per årsverk knyttet til saksbehandling og adm. (5 %)	2,0	1,9	1,0	388
BRUKERPERSPEKTIV: Brukerundersøkelser siste fire år (5 %)	1,0	1,0	1,0	205

## Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Nasjonalt er barnevernet kanskje den sektoren med størst endring de siste årene. Nøkkeltall som for fire-fem år siden ga gode plasseringer på tabellen, vil ikke være bra nok i dag. Vi har også fått bedre informasjon om innholdet i barnevernet og om saksbehandling.

60 prosent av tiltakene i barnevernet i Kommune-Norge er i hjemmet, andelen er stabil. Det er ikke alltid mulig å ha tiltakene i hjemmet, noen ganger må barnet omplasseres. Likevel antar vi at det generelt vil være bra om tiltakene er i hjemmet - det har også vært en uttalt nasjonal ambisjon i mange år. 86 prosent av alle barn med tiltak i hjemmet nasjonalt har nå en tiltaksplan. Andelen er høyere enn noen gang og mer enn dobbelt så høy som for ti år siden. 83 prosent av barnevernssakene i Kommune-Norge ble behandlet innen 3 måneder i fjor. Aldri før har statistikken vært bedre.

Forbedret statistikk i saksbehandlingen har kommet i kjølvannet av bedre bemanning. I fjor flatet veksten ut, snittet er fortsatt 4,2 fagstillinger per 1.000 mindreårige innbyggere i Norge.

Vi har i år tatt med nøkkeltallet for hvor mange barn som er omplassert ("under omsorg") som har en omsorgsplan. Dette skal barna ha. Snittet er 98,5 prosent - det er bedre enn tidligere. Siden snittet er så høyt er det bare noen få kommuner som får dårlig karakter. Disse kommunene er det likevel interessant å identifisere. Over 100 kommuner mangler data, noe som kan indikere en del mørketall.

## Om Øystre Slidre spesielt

Bemanningen av fagpersonell i barnevernet i Øystre Slidre er noe lavere enn i normalkommunen. Bemanningen ble litt dårligere i fjor, ifølge statistikken.

Kommunen har en god statistikk for saksbehandlingen i barnevernet. Sett de fire siste årene under ett, er statistikken litt dårligere enn i normalkommunen.

Alle barn med tiltak har en utarbeidet plan.

Andelen av sakene som har tiltak i hjemmet er litt lavere enn i normalkommunen.

Kommunen har oppgitt at

den ikke spurt brukerne på minst fire år. Hvis det stemmer, betyr ikke brukernes respons noe? Hvordan jobbes det da for å levere bedre tjenester?

## Barnevern

2015 er første året i drift utan statlege opptrappingsmidlar. Bemanninga i tenesta er ikkje auka, på tross av fleire born med tiltak.

Det har vore satsa på å unngå fristoversitting i 2015, noko ein har lukkast med i stor grad, men kommunebarometeret viser fortsatt raudt grunna lang behandlingstid dei siste fire åra samla.

Ein stor del av borna har tiltak utanfor heimen, dette er tyngre og ofte dyrare tiltak

enn tiltak i heimen.

Barneverntenesta har auka sitt nærvær i helsestasjon og skulehelsetenesta i 2015.

Det er svært viktig at brukarane blir høyrte i forhold til korleis BVT blir opplevd. Dette er ikkje gjort på fleire år.

Samla driftsutgifter har auka sterkt i 2015, mykje grunna dyre tiltak utanfor heimen.

Det er ikkje gjennomført brukarundersøking i 2015 så det finnes ikkje grunnlag for å meine noko om korleis brukarane opplever tenestane. Det

er viktig at vi påverkar tenesta til å gjennomføre ei slik undersøking.

BVT har flytt inn i nye lokale i 2015.

Utgiftene har gått markant opp når det gjeld tiltak utanfor heimen. Dette i fyrste rekkje fordi vi har hatt ein vekst i talet på fosterheimplasseringar.

Den statlege opptrappinga av barneverntenestane er over, og tenesta er ikkje tilført nye midlar for å utvide staben.

Kvalitet	
Resultat for brukerne	
Respektfull behandling	
Tilgjengelighet	
Informasjon	
Brukermedvirkning	
Generelt	
Effektivitet	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Kompetanse	
Bemanningstetthet	

## NAV (Økonomisk sosialhjelp)

	Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mottakere mellom 18 og 24 år (15 % vekt innen sektoren)	4,6	5,2	2,7	256
STØNADSTID: Snitt stønadslengde for mott. mellom 25 og 66 år (10 %)	2,0	2,3	3,1	242
STØNADSTID: Andel som går over 6 måneder på stønad (10 %)	2,1	2,4	3,5	199
ØKONOMI: Andel av mott. med sosialhj. som hovedinntektskilde (10 %)	4,7	4,2	4,8	73
AKTIVITET: Mottakere av kvalifiseringsstønad, andel av de som går over 6 måneder på sosialhjelp (10 %)	1,5		2,2	123
ØKONOMISK RÅDGIVNING: Brukere som får gjeldsråd, som andel av langtidsmottakere av sosialhjelp (5 %)	1,0	2,4	1,7	214
BOLIG: Andel søknader om kommunal bolig som blir innvilget (10 %)	3,9	3,9	3,8	244
INDIVIDUELL PLAN: Brukere som har individuell plan, som andel av langtidsmottakere (5 %)				
FOREBYGGING: Netto driftsutgifter til veiledning og sosialt forebyggende arbeid - per mottaker (5 %)	1,0	1,0	3,8	88
AKTIVITET: Netto driftsutg. til kvalifiseringsprogrammet pr bruker (10 %)	3,9		2,8	191
KRISESENTER: Totale kostnader til krisesenter, per innbygger (10 %)	3,4	3,2	3,4	161

**Innleiande merknader**

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Ytre faktorer spiller en rolle. Hvis en bedrift med mange ansatte legges ned, er det ikke sikkert det er lett å finne ny jobb - og andelen som går lenge på sosialhjelp kan øke. Samtidig skal sosialhjelp være et kortvarig tilbud på vei over til andre faser, og barometeret legger vekt på kort stønadstid. Nasjonalt har 48 prosent av de som får sosialhjelp, den som hovedinntekt. Andelen har økt sakte fra 44 prosent i 2011, og er nå tilbake på nivået i 2006. 36 prosent nasjonalt får sosialhjelpen i mer enn 6 måneder. Andelen har vært stabil de siste 10 årene. SSB oppgir dessverre ikke nasjonale snitt for stønadslengde.

Kvalifiseringsprogrammet skal hjelpe folk videre til jobb. Det kan bare gis en gang per bruker. Målt mot hvor mange som går lenge på stønad - en hovedmålgruppe for programmet - er det 19 prosent i landet totalt som fikk kvalifiseringsstønad i fjor, en marginal nedgang fra 20 prosent i 2014. Andelen har vært stabil de fire siste årene.

Det er mulig i sosialtjenesten å lage individuelle planer. Den naturlige målgruppa er de som går lenge på stønad. Målt mot denne gruppa har 11 prosent en individuell plan, andelen er stabil over tid. Mange kommuner rapporterer ikke på dette punktet.

**Om Øystre Slidre spesielt**

Unge mottakere går litt lenger på sosialhjelp i Øystre Slidre enn i normalkommunen. I barometeret regnes kort stønadstid som bra. Det må være positivt at sosialhjelp er en midlertidig løsning på vei mot

noe mer permanent. Stønadstiden ble betydelig lenger i fjor. Var det spesielle omstendigheter som inntraff? For de over 25 år er stønadstiden omtrent som i normalkommunen. Voksne går ørlite kortere tid på stønad nå enn for ett år siden.

29 prosent går på sosialhjelp i mer enn 6 måneder - det er en noe lavere andel enn snittet.

Andelen mottakere som har sosialhjelp som hovedinntekt er litt under normalen. I barometeret er det positivt at få

har sosialhjelp som hovedinntekt. De som går lenge på stønad er en hovedmålgruppe for kvalifiseringsprogrammet. Målt mot denne gruppa er det 17 prosent som har gått på programmet i fjor.

Kvalitet	
Resultat for brukerne	
Respektfull behandling	
Tilgjengelighet	
Informasjon	
Brukermedvirkning	
Generelt	
Fysisk miljø	
Trivsel	
Effektivitet	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Kompetanse	

**NAV**

Det er bekymringsfullt at dei yngste går lenge på stønad. NAV har eit spesielt fokus på dei under 30 år. Dette vil forhåpentlegvis få utslag i neste års kommunebarometer.

Det er gledeleg at stønadslengda for dei over 25 år (den største gruppa) og andelen med stønad over seks månader går ned. Det er viktig at denne utviklinga fortsett, då stønadslengda i stor grad påverkar sannsynlegheita for å kome ut i vanleg arbeid.

Etter ei særskilt satsing på å få på plass gjeldsrådgevar, som fekk positivt utslag i kommunebarometeret i fjor, har andelen som mottek denne tenesta no gått noko ned. Gjeldrådgjeving er viktig for å bidra til å løyse opp i økonomiske problemstillingar.

Det er satsa sterkare på førebygging og rettleiing. Det nyoppretta rusteamet er ein positiv faktor.

Det er gjennomført brukarundersøking i 2015. Brukarane er i noko grad meir nøgd med tenestane enn i 2014. NAV kan gjennom undersøkinga

vise til ei svak betring på tilgjengelegheit i forhold til 2014. Den nye nettportalen har gjort informasjonen om NAV sine tenester lettere tilgjengelige. Det er satsa på informasjon mot private bedrifter.

NAV-kontoret har hatt auke i utgiftene i -1,5, men inntektsauke bidreg til eit netto mindreforbruk på om lag 0,5 mill.

Gjennom satsing på rusteam og ei styrking av ungdomstilbodet er omfanget at tenester i NAV i utvikling.



# Miljøtenesta

Miljøtenesta har utført medarbeidar- og brukarundersøking i april 2016. Det finst ikkje KOSTRA-tal for tenesta.

## Kvalitet

Svara på brukarundersøkinga våren 2016 frå pårørende / brukarrepresentant syner at ut i frå ei heilskapleg vurdering er brukarane særst godt nøgde med tenestene. Brukarane opplever å få nok og forståeleg informasjon. Dei opplever høg tryggleik, likevel vil fleire bustader knytt til basen på Brennebakkin auke kjensla av å føle seg trygg i sin eige bustad.

Tilgjengelegheita til tenestene er vurdert å være svært god med tilpassa tenester til den einskilde brukar og stor grad av fleksible løysingar.

Det er god brukarmedverknad innan dei rammene tenesta har. Alle brukarane har verje, og dei gjev uttrykk for å være nøgde med individuell plan og koordinator. Det kjem fram at det er høg grad av brukarmedverknad både i det dagleg og i arbeidet med planer. Brukarane opplever høg grad av autonomi og trivsel, særst viktig for dei er tilbodet på Aktivitetshuset / Skogprodukt. Derimot er tilfredsheita ikkje fullt så høg når det gjelder deltaking i fritidsaktivitetar.

Undersøkinga syner at brukarar ynskjer seg auka sjølvråderett, dette heng truleg saman med pågåande tvangstiltak. Det kjem vidare fram at brukarane er godt nøgde med samarbeidet med dei tilsette og med måten dei tilsette møter brukarane på.

## Effektivitet

Det er vanskeleg å finne godt samanlikningsgrunnlag for driftsutgiftene i Miljøtenesta. Dette både fordi at rapportering til KOSTRA skjer saman med heimetenesta og av det at omfanget av tenester varierer mykje frå kommune til kommune.

Vi opplever å ha eit breitt omfang av tenester samanlikna med andre kommunar.

Det er liten grad av eigenbetaling i Miljøtenesta og sosial profil på prisane.

Miljøtenesta har framleis ein del ufaglærde arbeidstakarar, dels i små stillingar. Det er tilsett vernepleiar i alle heimlar, dette aukar den fagleg kompetansen. Høgt fråvær i denne yrkesgruppa har gjort at ein ikkje har fått nytta kompetansen fullt ut. For kommunen er det viktig å oppretthalde utdanningstilbodet for vernepleiarar lokalt.

Miljøtenesta har og oppdrag ute i bygda, der vernepleiefagleg kompetanse er etterspurt i aukande grad også til nye brukargrupper.

Bemanningstettheita i tenesta er relativt høg, hovudsakleg grunna bustadar med 1:1-bemanning. Det er og generelt relativt høgt timetal per brukar i avdelinga.


## Medarbeidarar

Dei tilsette har høg motivasjon for arbeidsoppgåvene, og har stor tru på at dei har kompetanse og moglegheit til å utføre desse. Derimot vurderer tilsette at dei

mindre grad har moglegheit til jobbe sjølvstendig og gjere egne vurderingar i jobben sin. Tilsette opplever å få brukt sin jobbrelevante kompetanse i rimelig grad, men det blir viktig framover å utvikle kompetansen slik at dei tilsette opplever å meistre jobben endå betre og at dei blir sett i stand til å yte sitt beste.

Dei tilsette opplever at arbeidsoppgåvene er tydeleg definert og formidla, og at dei er fleksible i sin måte å tilpasse seg til nye behov og krav til jobben. Det er høg motivasjon for jobben då dei tilsette vurderer det slik at dei gjer noko nyttig og verdifullt for andre. Samarbeidet i avdelinga kan bli betre gjennom i høgare grad å dele kompetanse og lære av kvarandre.

Nye elektroniske løysingar blir teke i bruk og krev opplæring, nye brukargrupper krev og ny kunnskap.



**For meir informasjon om kommunen, sjå våre nettsider:**

[oystre-slindre.kommune.no](http://oystre-slindre.kommune.no)

<b>Kvalitet (brukarundersøking brukarrepr.)</b>	
Selvbestemmelse	
Trivsel	
Trygghet	
Brukermedvirkning	
Respektfull behandling	
Informasjon	
Helhetsvurdering	
<b>Effektivitet</b>	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Egenbetaling	
Kompetanse	
Bemanningstetthet	
<b>Medarbeidarar</b>	
Oppgavemotivasjon	
Mestringstro	
Selvstendighet	
Bruk av kompetanse	
Mestringsorientert ledelse	
Rolleklarhet	
Kompetanseutvikling	
Fleksibilitetsvilje	
Mestringsklima	
Nytteorientert motivasjon	

## ”BRUKARANE

OPPLEVER HØG GRAD AV AUTONOMI OG TRIVSEL, SÆRS VIKTIG FOR DEI ER TILBODET PÅ AKTIVITETSHUSET / SKOGPRODUKT.”

”BEMANNINGSTETTHEITA I TENESTA ER RELATIVT HØG, HOVUDSAKLEG GRUNNA BUSTADAR MED 1:1-BEMANNING. DET ER OG GENERELT RELATIVT HØGT TIMETAL PER BRUKAR I AVDELINGA.



# TEKNISK DRIFT

## Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

	Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
GEBYR: Årsgebyr, vann, avløp, renovasjon og feiing (15 % vekt innen sektoren)	2,5	3,0	3,3	240
VANNFORBRUK: Snitt forbruk per tilknyttet innbygger (15 %)	1,0	1,0		
VANNLEKKASJE: Estimert lekkasje per meter ledning per år (15 %)	4,2	4,5	4,3	190
STYRING: Andel av husholdningene med vannmåler (15 %)	5,7	5,7	5,8	61
FORNYING: Andel fornyet vannledningsnett siste tre år (10 %)	5,3	3,2	3,5	78
FORNYING: Andel fornyet spillvannnett siste tre år, avløp (10 %)	1,8	1,3		
ALDER: Beregnet snittalder for vannledningsnett (5 %)	5,1	5,1		
ALDER: Beregnet snittalder for spillvannnett (5 %)	4,9	4,9	4,9	76
VALGMULIGHET: Antall muligheter for å påvirke renovasjonsgebyr (10 %)	2,0	2,0	2,0	248

### Innleiande merknader

av: Ole Petter Pedersen, utviklingsredaktør Kommunal Rapport

Hensikten med sektoren er å gi et innblikk i både om innbyggerne får nok igjen for det de betaler og hvordan kvaliteten utvikler seg. Flere av nøkkeltallene er foreløpig ikke oppdatert for 2015.

Gebyrene skal i utgangspunktet være så lave som praktisk mulig. Samtidig er det viktig å se helheten: Lave gebyrer kombinert med store lekkasjer og gamle anlegg - er ikke bra. Det sentrale er derfor om det er sammenheng mellom gebyrene og den anslåtte kvaliteten.

En del kommuner mangler data for en del av nøkkeltallene. De siste årene har alderen på den kjente delen av vannettet og spillvannsnettet gått litt ned, en feilkilde er at deler av nettet har ukjent alder. Spillvannsnettet fornyes med en takt på knapt 200 år, mens det bare vil ta knapt 150 år å fornye vannledningsnettet.

Estimert vannlekkasje bør også kunne si noe om kvaliteten på ledningsnettet. Lekkasjen er omtrent uendret over tid, snittet er 5,3 kubikkmeter per meter ledning i året.

### Om Øystre Slidre spesielt


Gebyrene for vann, avløp, renovasjon og feiing i Øystre Slidre er midt på treet. Lave gebyrer er positivt i barometeret - men det skal helst ikke bety at vedlikeholdet på anleggene lider.

Andelen innbyggere med vannmåler er ganske høy målt mot resten av landet. Det er bra.

Spillvannsnettet (avløpsnettet) har litt lavere alder enn normalen i Kommune-Norge.

"ANDELEN

INNBYGGERE MED  
VANNMÅLER ER  
GANSKE HØY MÅLT  
MOT RESTEN AV  
LANDET. DET ER  
BRA."



Utløpsrenna i sedimenteringsbassenget på Beito Ren-seanlegg. Foto: Ivar Hagerup

# Teknisk drift

## Kvalitet

Kommunen har, saman med 75 andre kommunar, teke i bruk Norsk Vann sitt måle- og vurderingsverktøy; "Bedre VA". Fordi vatn ikkje blir rekna som tilstrekkeleg hygienisk når det blir henta frå elv (Kolstad vassverk), scorar kommunen gult på "Hygienisk drikkevann". Det er også for høg lekkasje på private stikkleidningar.

På avløpssida, har reinsekretet for organisk materiale vorte overskride på Nedrefoss. I talmaterialet frå Kommunebareometeret er det elles fleire tal som viser raud farge: årsavgift renovasjon og del av hushaldningsavfall som er usortert. Desse parameterane viser ein negativ trend. Det er Valdres Kommunale Renovasjon (VKR) som rapporterer tala for avfall, og kommunen har ingen god forklaring på den negative trenden.

Innbyggjarundersøkinga (gjennomført i 2013) viser at dei fleste meiner dei blir mottekne på ein god måte i kontakt med kommunen. Totalt sett er avdelinga godt tilgjengeleg, både på telefon og etterkvart er også fleire meir faste brukarar av e-post. På dagtid er det lett å få kontakt med sentralbordet i kommunen, og vaktordninga innanfor VA-tenesta gir 100% tilgjenge for publikum.

Informasjon innanfor teknisk drift, ligg på fleire "nivå". Internt, og mot brukarane av kommunale bygg, er informasjon og dialog i positiv utvikling. Når det gjeld klagebehandling og svar på spørsmål om fakturering, er det eit mål å få dette i betre system med ny organisering.

Innan vaktmeister- og reinhaldstenesta har dei tilsette ein god dialog med leiarane

på dei enkelte tenestestadene. Avdelinga leverer gode tenester, det er godt kvalifiserte tilsette og fleire er i ferd med å skaffe seg meir formell kompetanse.

## Effektivitet

Energiutgiftene i kommunale bygg har auka det siste året. Ut frå KOSTRA-tal er driftsutgiftene relativt høge. Dette gjeld både kommunale bygg, drift av VA-anlegg og kommunal veg. Med to så vidt nye skulebygg er dette kanskje overraskande. Sjølv om nokre av bygga er nye og betre, har dei mykje "teknikk" som skal driftast. ØSUS er eit av dei eldre bygga i kommunen. Her blei det i fjor satt i gang med ENØK-tiltak, og dette må fortsatt prioriterast i åra framover.

Reinseanlegga er dyre å drifte, men her er det valt prosessar og tekniske løysingar som det er vanskeleg å endre på utan større investeringar.

Driftsutgifter for kommunale vegar vil variere stort som følgje av varierende snømengde. Ekstraordinært vedlikehald som følgje av flaumskade medfører og høgare driftsutgifter. Omfanget av stillingar må elles vurderast kontinuerleg ved eventuelle endringar i tenestenivået.

Kommunebareometeret viser at ein liten del av innbyggjarane er knytt til offentlege vass- og avløpsanlegg. Vindin vassverk er privat, og leverer vatn til mange i midtre del av kommunen. Ole vassverk og Beito reinseanlegg har mange abonnentar, dei fleste av desse er reiselivsbedrifter og fritidseigedommar. Kommunen har få abonnentar samanlikna med landsgjennomsnittet, dette har samband med at gjen-

nomsnittet for landet ikkje reknar med fritidseigedommar, som kommunen har mange av.

Eigenbetaling omfattar primært gebyr for vatn og avlaup. Kommunen har i fleire år vore offensiv med gjennomføring av nyanlegg, og til dels omfattande vedlikehald av leidningsnett. Sjølv om inntektene har vore gode i samband med høg byggeaktivitet, er nivået på gebyra relativt høgt samanlikna med andre kommunar i landet. Hovudmålet framover blir å auke talet på abonnentar, ved å konvertera frå separate avlaupsanlegg til offentleg nett.

## Medarbeidarar

Medarbeidarundersøkinga viser at det er ei stor positivitet i avdelinga teknisk drift. Det er høg score på alt. Tilsette har stor motivasjon for oppgåvene, og synest å ha stor tillit til eigen kompetanse. Dei opplever å ha god anledning til å jobbe sjølvstendig, gjera eigene vurderingar i jobben sin. Dei har og ein høg score på at leiinga vektlegg at den enkelte medarbeidar skal få utvikla seg og bli best mulig ut frå sin eigen føresetnad. Dette gjenspeilar seg i oppleving av mestring i arbeidet.

Medarbeidarane ved teknisk drift har god relevant kompetanse og kan utføre sine oppgåver med høg kvalitet. Dei er og villige til å vera fleksible på jobb og tilpassa seg til nye behov og krav. Dei motiverast av å læra og utvikla seg og dei spelar kvarandre gode. Medarbeidarane meiner dei gjer noko nyttig og verdifullt for andre, og at dette er ei viktig drivkraft som verkar motiverande på dei.

Kvalitet	
Resultat for brukerne	
Respektfull behandling	
Tilgjengelighet	
Informasjon	
Brukermedvirkning	
Generelt	
Effektivitet	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Eigenbetaling	
Kompetanse	
Bemanningsstetthet	
Medarbeidarar	
Oppgavemotivasjon	
Mestringstro	
Selvstendighet	
Bruk av kompetanse	
Mestringsorientert ledelse	
Rolleklarhet	
Kompetanseutvikling	
Fleksibilitetsvilje	
Mestringsklima	
Nytteorientert motivasjon	

Bedre VA	
VATN	
Hygienisk betryggende	
Bruksmessig vannkvalitet	
Leveringsstabilitet	
Ledningsnettets funksjon	
AVLØP	
Overholdelse av rens-	
Tilknytning godkj utslipp	
Kvalitet og bruk av slam	
Ledningsnettets funksjon	

"ØSUS ER EIT AV DEI ELDERE BYGGA I KOMMUNEN. HER BLEI DET I FJOR SATT I GANG MED ENØK-TILTAK, OG DETTE MÅ FORTSATT PRIORITERAST I ÅRA FRAMOVER."

# PLANAVDELINGA

<b>Kvalitet</b>	
Resultat for brukerne	■
Respektfull behandling	■
Tilgjengelighet	■
Informasjon	■
Brukermedvirkning	■
Generelt	■
<b>Effektivitet</b>	
Driftsutgifter	■
Omfang av tjenesten	■
Egenbetaling	■
Kompetanse	■
Bemanningsstetthet	■
<b>Medarbeidarar</b>	
Trivsel	■
Utvikling	■

”SIDAN ØYSTRE SLIDRE ER EIN TYPISK LANDKOMMUNE ER MYKJE FRIOMRÅDE OG TILRETTELAGTE SKILØYPER M.V. IKKJE REGULERT GJENNOM FLATEPLANAR. [...] DIFOR VERT TAL SOM SKAL SYNE KOMMUNEN SIN VEKTLEGGING AV TILRETTELAGDE FRIOMRÅDE, LEIKE- OG REKREASJONSAREAL MISVISANDE.”

”DET ER KJENT AT EINSLEGE OG UNGE I ETABLERINGS-FASEN ETTERSPØR GJENNOMGANGSL EILEGHEITER OG AT UTBODET AV DETTE ER LITE.”

## Generelt

Kommunen har samla alle planressursar i ei avdeling og på den måten fått auka kapasitet til å gjennomføre kommunen sine planoppgåver. Kommunen har ikkje etterslep på behandling av private framlegg til reguleringsplanar.

Det er vedtekne klima- og energiplanar der det er nedfelt mål om reduksjon av klimagassutslepp, men kommunen er ikkje god nok til å synleggjere ein handlingsretta innsats på dette området.

Kommunen blir innan arealplanlegging målt på kor mykje rekreasjons- og friluftsområde vi har. Sidan Øystre Slidre er ein typisk landkommune er mykje friområde og tilrettelagte skiløyper m.v. ikkje regulert gjennom flateplanar. Vidare har dei eldste bustadområda i kommunen ikkje reguleringsplanar som inngår i digital planbase. Difor vert tal som skal syne kommunen sin vektlegging av tilrettelagde friområde, leike- og rekreasjonsareal misvisande. Det bur få innbuarar i tettstader i vår kommune i høve til snittet i landet.

Innbyggjarundersøkinga frå 2014 indikerer at det er etterspurnad etter treffpunkt og aktivitetsområde i nærmiljøet utover reine leikeareal. Innbyggjarundersøkinga viser også at det er eit sterkt yn-

skje om gang- og sykkelveg langs fylkesveg 51 gjennom store delar av kommunen.

Det har vore lite utvikling i sentrum av Heggenes og Beitostølen dei seinare åra.

Det er leigd inn eksterne konsulentar for å lage planar for å utvikle begge sentra. Desse utgreiingane er delfinansiert av Oppland Fylkeskommune.

Avgangen av dyrka mark er ikkje stor i Øystre Slidre kommune, men innbyggjarundersøkinga kan tyde på at vi ikkje gode på å synleggjere ein aktiv politikk på dette området.

Det er kjent at einslege og unge i etableringsfasen etterspør gjennomgangseilegheiter og at utbodet av dette er lite.

## Kvalitet

Den nye planavdelinga med sin breie faglege samansetnad leverer god kvalitet i planarbeidet.

Kundane er ofte profesjonelle planleggjarar engasjert av utbyggjarar. Kommunen forsøker å være smidige og ”ubyråkratiske” i dialogen med denne kundegruppa. Vidare er kommunen sjølv bestillar av planarbeid.

Avdelinga er open og tilgjengeleg for alle som har spørsmål innan planarbeid. Informasjon omkring planar

og planarbeid er vidareutvikla på våre nettsider og i digital planbase. Det gjeld og ålmenn tilgang til all korrespondanse i plansaker for å betre høve til innsyn og brukarmedverknad i planprosessane.

## Effektivitet

Det er vesentleg menneskeleg ressursar kommunen legg inn i dette tenesteområdet, dvs. lønskostnader.

Gebyrregulativet er justert i.h.t. ny plan- og bygningslov der det er markert at ein større del av planarbeidet er eit kommunalt ansvar. Gebyra er difor justert ned vesentleg i høve til tidlegare.

Det har aldri vore så mange tilsette knytt til planarbeid i Øystre Slidre som no. Avdelinga yter og stabstenester til andre delar av kommuneadministrasjonen.

## Medarbeidarar

Medarbeidarundersøkinga gjennomført i 2016 hadde for få respondentar til at resultatet kan publiserast.

Alle på avdelinga har høg kompetanse innan eit breitt fagfelt. Fagleg oppgradering innan planfag og lovverk må skje kontinuerleg.

Ny organisering med nye arbeidsoppgåver gir høve til ny eigenutvikling og fagleg oppdatering.

**Tidens tomtesal!**  
Ledige bustadtommer i Øystre Slidre kommune

- Solhauglie
- Volbu
- Løkjeskogen
- Beitohagin
- Klyppemyrhaugen

# NÆRING OG BYGGESAK

## Nøkkeltal frå Kommunebarometeret

	Karakter			Plass
	KB 2014	KB 2015	KB 2016	KB 2016
FRISTBRUDD: Andel byggesaker med overskredet frist (20 % vekt innen sektoren)	5,3	4,7	5,0	201
BYGGESAK: Behandlingstid saker med 3 ukers frist (20 %)	3,6	5,4	3,1	254
BYGGESAK: Behandlingstid saker med 12 ukers frist (20 %)	5,0	3,1	2,6	275
EIERSEKSJONERING: Behandlingstid (20 %)			5,7	112
REGULERINGSPLANER: Saksbehandlingstid (10 %)				
OPPMÅLINGSFORRETNING: Saksbehandlingstid (10 %)	4,3	5,1	3,5	173

### Innleiande merknader frå Kommunal Rapport (gjeld saksbehandling generelt)

Fortsatt er det veldig få gode indikatorer for saksbehandling, og alle er innen byggesak/teknisk. Vi skulle gjerne sett at det fantes data for andre saksbehandlingstider, det er synd at ikke Kommune-Norge måler dette bedre.

I tillegg er det mange kommuner som ikke leverer data på dette området, noe som selvsagt øker usikkerheten om kvaliteten på nøkkeltallene.

Vi har prøvd å få med et spekter av ulike tjenester, men det er liten tvil om at byggesakene med klare frister har fått mest vekt. Derfor er andel saker der kommunen har overskredet fristene en viktig indikator. SSB har ikke publisert landsgjennomsnittet ennå, tidligere har det vært på 8 prosent - og andelen har økt over tid.

Gjennomsnittlig saksbehandlingstid nasjonalt for en sak som har tre ukers frist er akkurat innenfor selve fristen; 20 dager. Saksbehandlingstiden er veldig stabil.

Saksbehandlingstiden for saker med 12 ukers frist blir stadig lenger, den er nå på 61 dager i Kommune-Norge samlet mot bare 27 for ett år siden. En så kraftig økning øker mistanken om at datakvaliteten er lav.

#### Om Øystre Slidre spesielt

Øystre Slidre er bedre enn veldig mange andre hva gjelder å overholde byggesaksfristene. Det er bra - kan

kommunen komme helt i toppsjiktet her?

Prosessen for søknader med 3 ukers behandlingsfrist er midtens. Byggesaker med 12

ukers frist behandles litt tregere enn det som er vanlig i Kommune-Norge.

"ØYSTRE SLIDRE ER BEDRE ENN VELDIG MANGE ANDRE HVA GJELDER Å OVERHOLDE BYGGESAKSFRISTENE. DET ER BRA - KAN KOMMUNEN KOMME HELT I TOPPSJIKTET HER?"

## Forenkling i byggesaksforskrifta frå 1. juli 2015



Som kjent ynskjer Regjeringa å gjera det enklare å utføre tiltak på bebygd eigedom. Frå 1. juli kan ein utføre ymse tiltak utan søknad og nabovarsel. Det er mange føresetnader som må vera på plass før ein kan kome inn under dei nye reglane.

Kommunen ser det difor som svært viktig at det vert gjeve god informasjon om kva som kan byggast etter nye reglar og ikkje. Med dette håpar ein at ein kan redusere feil og mistydingar i høve til reglane.

På kommunen sine nettsider finn du lenkjer til nyttig informasjon.



<b>Kvalitet</b>	
Resultat for brukerne	
Respektfull behandling	
Tilgjengelighet	
Informasjon	
Brukermedvirkning	
Generelt	
<b>Effektivitet</b>	
Driftsutgifter	
Omfang av tjenesten	
Egenbetaling	
Kompetanse	
Bemanningsstetthet	
<b>Medarbeidarar</b>	
Oppgavemotivasjon	
Mestringstro	
Selvstendighet	
Bruk av kompetanse	
Mestringsorientert ledelse	
Rolleklarhet	
Kompetanseutvikling	
Fleksibilitetsvilje	
Mestringsklima	
Nytteorientert motivasjon	

”DET VURDERAST  
STADIG OM EGEN  
TELEFONTID OG  
REDUSERING AV  
TILGJENGELEGHEIT  
UTANOM AVTALTE  
BESØK BØR  
INNFØRAST FOR Å  
BETRE  
EFFEKTIVITETEN.”

”SAMANLIKNA  
MED KOMMUNANE  
VESTRE SLIDRE OG  
NORD-AURDAL,  
SOM HAR OM LAG  
SAME TALL PÅ  
GARDSBRUK OG  
DYRETAL, ER  
DRIFTSUTGIFTENE  
LÅGE I ØYSTRE  
SLIDRE.”

## Næring og byggesak

### Kommunebarometeret

Avdeling for næring og byggesak ligg også sett gjennom år, noko dårleg an på saks- handsamingstid, både for saker med 3 vekers frist og 12 vekers frist.

Samla sett er det få byggesaker der fristane er overskridne. Dette betyr at sakene blir lukka innanfor lovens krav til tid for handsaming, men vi bruker lengre tid til å lukke sakane enn samanliknbare kommunar. Grunnen til dette er m.a. at vi ikkje har eit saksbehandlingssystem med milepæl og innført midlertidig lukking av saker som til dømes går til klagebehandling. Dette vil kreve noko meir arbeidstid og gje lågare effektivitet, men gje ei betring av KOSTRA-tala.

Kommunen handsamar vesentleg fleire saker på eitt år enn samanliknbare kommunar, men scorar noko lågt i KOSTRA-samanheng. Opning av svært mange oppmålings saker startar med ein delingssøknad, som må handsamast før ein kan realitetshandsama oppmålinga. Innføring av eit milepælssystem i saksbehandlingssystemet vil kunne gi ei betring av desse resultatane, men vil ikkje gje praktiske endringar for saksbehandlinga.

### Kvalitet

Det er ikkje gjennomført nokon eigen brukarundersøking. Subjektivt vurdert meiner vi kvaliteten på dei tenestene vi utfører er god. Innan landbrukssektoren får alle som søker det nødvendig bistand og vegleiing til søknadsutfylling. Kontora står opne for besøk som ikkje er avtalte, og det er svært sjeldan at publikum ikkje får kontakt med saksbehandler i telefon. Det er eit

samspel mellom kontoret si tilgjengelegheit og kontoret sin effektivitet. Det vurderast stadig om eigen telefontid og redusering av tilgjengelegheit utanom avtalte besøk bør innførast for å betre effektiviteten.

Vi har eigen informasjonsfolder som går ut til landbruket, SMS-meldingsteneste som går ut til alle søkarar av produksjonstilskot, og ein eigen vakttelefon som på frivillig basis er betjent i sommarhalvåret. Det er eit forbettringspotensiale på heimesidene.

Det er kontaktmøter mellom kommunen og BU kvar månad. Kommunen sit i BU-styret.

Det er kontaktmøter med landbruksnæringa for å diskutere prosjekt og felles satsingar.

### Effektivitet

Samanlikna med kommunane Vestre Slidre og Nord-Aurdal, som har om lag same tall på gardsbruk og dyretal, er driftsutgiftene låge i Øystre Slidre. Brutto driftsutgifter til landbruksadministrasjon er til samanlikning 2,8 mill. kr i Nord-Aurdal og 2,4 mill. kr i Vestre Slidre, mot 1,7 mill. kr i Øystre Slidre.

På byggesaksområdet vektlegg ikkje kommunebarometeret kostnader for vår kommune, men vi hadde kring 40 % lågare byggesaksgebyr for ein vanleg einebustad enn Nord-Aurdal i 2015. Vi har utført tilsyn i 75 byggesaker i 2015. Kommunen hadde i 2015 ei netto driftsinntekt på 46 kr per innbyggjar, mot ei driftsutgift på 62 kr i KOSTRA-gruppa, 16 i

Nord-Aurdal og 107 i Vestre Slidre.

Målt mot tilsvarande kommunar har kommunen lågare gebyrsatser i 2015. Desse er justert opp for 2016.

Det er svært høg formell kompetanse i avdelinga, og generelt er kunnskapsnivået fagleg og sosialt på eit høgt nivå.

Vi har få tilsette i høve saksmengde samanlikna med andre kommunar. Området bidreg positivt i kommuneregnskapet, men noko lågare bemanning gjer at vi scorar litt lågare enn ønskeleg på saksbehandlingstid. Samla sett kan det sjå ut som vi har ein svært effektiv organisasjon.

### Medarbeidarar

Generelt gir attendemeldingane av medarbeiderundersøkinga inntrykk av godt tilfredse medarbeidarar. Det er lågast score på bruk av kompetanse, der medarbeidarane truleg synest dei ikkje får oppgåver der dei får nytta kompetansen fullt ut. Likevel kjem ein ikkje i frå at det er ein del sakshandsaming som er særers rutineprege, men som må gjerast

Ein vil prøve å gjera ei kartlegging av den einskilde sin oppfatning av kva kompetanse dei sit på og kva dei med den kan bidra til å løyse av utfordringar. Vidare bør ein vurdere om ein av og til skal gje pålegg om kursdeltaking, i staden frivilligheit.

På same vis ynskjer dei tilsette ein meir tydeleg profil på eigen kompetanseutvikling og læring. Ein bør stimulera til å nytte seg av dei kurstillboda som finst.